



VINDAFJORD KOMMUNE

Kommuneplan 2021-2033

Medverknad – Gjestebodsmodellen

Kva er gjestebodsmodellen?

Gjestebodsmodellen handlar om at ein person registrerar seg som gjestebodsvert. Gjestebodsverten må så invitere personar vedkommande sjølv vil ha med seg, og arrangere ei gjestebodsamling på om lag 2 timar med desse. Samlingane kan arrangerast kor som helst, men det er ein fordel om det ber preg av låg terskel for å komme til ordet, og trygge forhold.

Kommunen sender ut materiell til gjestebodsamlingane som deltakarane går gjennom og nyttar som diskusjonsgrunnlag. Oppgåvene vil vere knytt til satsingsområda til kommuneplanen og revisjonspunkta for arealdelen til denne. Gjestebodsverten har ordstyrarrolla, og har ansvar for å sende inn oppsummering av diskusjonen til kommunen i etterkart.

Kvifor bruke denne modellen?

I arbeidet med kommuneplanen vil kommunen involvere flest mogleg av innbyggjarane frå starten av. Gjestebod er eit av fleire medverknadsopplegg. Intensjonen med gjestebod er å la folk som vanlegvis ikkje syns det er vits i å gå på folkemøte eller sende inn eigne innspel til kommuneplanprosessen, eller ikkje har høg nok stemme til å bli høyrte med sine synspunkt, til å vere med og bidra med sine meiningar i ei tryggare og meir uformell setting.

Alle som vil kan vere gjestebodsvertar, både næringslivsaktørar, vennegjengar, idrettslag og andre. Det er viktig at grupper med særskilte behov på denne måten kan få delta.

